

PROTOKOLL FRÅ STYREMØTE I HELSE FØRDE HF

MØTEDATO: 28.03.2023, kl. 08:30-14:50
MØTESTAD: Førde sentralsjukehus, Førde

Styremøte var ope for publikum og presse

Deltakarar frå styret

Ole Gunnar Krakhellen	Styreleiar
Anne Sissel Faugstad	Nestleiar
Aud Ingrid Espeland	Medlem (<i>fråvær frå kl. 13:50</i>)
Reidar Sandal	Medlem
Thomas Vingen Vedeld	Medlem
Marit Hermansen	Medlem (<i>fråvær kl. 11:50-13:00</i>)
Ivar Eriksen	Medlem (<i>deltok digitalt til 12:00</i>)
Lena Thorsnes	Medlem
Randi Aven	Medlem
Kari Sunde Kvile	Medlem
Sølvi Anne Birkeland	Varamedlem tilsette
Marita Aarvik	Observatør

Forfall

Torfinn Heggland	Medlem
------------------	--------

Deltakarar frå administrasjonen

Arve Varden, administrerande direktør
Børge Tvedt, direktør Psykisk helsevern
Tom Guldhav, direktør Kirurgisk klinikk
Trine Vingsnes, direktør Medisinsk klinikk
Helge Robert Midtbø, direktør Drift og eigedom
Anne Kristin Kleiven, utviklingsdirektør
Øystein Helleseeth, økonomidirektør
Arne Skjelten, HR-direktør
Asle Kjølraug, fagdirektør
Terje Ulvedal, kommunikasjonssjef
Berit Irene Haarklau, referent

Andre deltakarar

Laila Solheimslid, revisor BDO
Dagrun Kyrkjebø, samhandlingssjef
Hilde E. Hjelmeland, seniorrådgjevar
Kjell Inge Solhaug, prosjektdirektør

SAKLISTE

Saksnr.	Sakstittel
010/2023	Godkjenning av innkalling og dagsorden
011/2023	Godkjenning av protokoll frå styremøte i Helse Førde HF 26.01.2023
012/2023	Administrerande direktør si orientering
013/2022	Rapportering frå verksemda per februar 2023
014/2023	Årleg melding 2022 om likestilling , inkludering og mangfald
015/2022	Årleg melding 2022 om leiarløn og anna godtgjersle i Helse Førde
016/2023	Årsmelding 2022 – Helse Førde HF
017/2023	Årsrekneskap 2022 – Helse Førde HF
018/2023	Styringsdokument 2023 for Helse Førde HF
019/2023	Leiinga sin gjennomgang 3. tertial 2022
020/2023	Risikostyring - rapportering
Saker til orientering:	
021/2023	Nye Førde sjukehus - løypemelding
022/2023	Miljøstyring i Helse Førde
023/2023	Arbeid med tiltak 2023
024/2023	Eventuelt Skriv og meldingar

«Styret sitt kvarter»

Styreleiar Ole Gunnar Krakhellen ønska styret og administrasjonen velkommen til dagens styremøte ved Førde sentralsjukehus. Sølvi Anne Birkeland var innkalla varamedlem, og ønska velkommen til styremøte.

STYREMØTE STARTA MED FAGLEG ORIENTERING

Nestleiar Anne Sissel Faugstad orienterte om:
Sykehusutvalgets innstilling NOU 2023:8

Rapporten heiter "**Fellesskapets sjukehus**" og omhandlar styring, finansiering, samhandling og leiing. Rapporten vart framlagt 27. mars. Leiar i utvalet var Jon Magnussen.

Det var einigheit om å behalde føretaksmodellen, men med justeringar.

Arbeid i utvalet var omkring desse tema:

- Demokrati og politisk innflytelse
- Beslutningsprosessar

- 1) Beslutningar fattast på lågaste moglege nivå
 - 2) Kommunar og fylkeskommunar høyrast før beslutning fattast
 - 3) Styra har helsefagleg og brei samfunnskompetanse
 - 4) Saka ferdigstillast i HF før RHF signaliserer sitt syn
- Finansiering av sjukehusbygg
Fekk innspel om å skille drift og investering. Utvalet meiner framleis at det skal vere eit samla ansvar for drift og investering. Eigenkapitalkravet reduserast frå 30 til 10 prosent. Planleggingsmodellane må forbetrast, og involvering av fagmiljø må styrkast.
 - Redusert marknadstenking
Konkurransen privat/ offentleg
 - Ny finansieringsmodell – forslag
 - 1) Innsatsstyrt finansiering (ISF) frå første pasient erstattast med rammefinansiering som hovudmodell
 - 2) ISF beholdast som ein toppfinansiering
 - 3) Resultatbasert finansiering beholdast og vidareutviklast
 - Heilheitleg pasientforløp
Forslag om eit felles øyremerka samhandlingsbudsjett mellom kommunar og helseføretak. Det bør gjennomførast pilot i nokre helsefellesskap
 - Mål- og resultatstyring
Forslag om at alle aktørar må kritisk gjennomgå behovet for rapportering og indikatorar – dette må skje regelmessig, for eksempel kvart andre år
 - Leiarstillingar og leiarstruktur
Helseføretaka bør ha eit betydeleg handlingsrom for å få på plass gode strukturar for lokal leiing.

Epilog: Fellesskapets sjukehus

Styret takka for ei god, spennande og interessant orientering. Vi er stolt av at Helse Førde var representert i utvalet.

Styret kommenterte desse områda:

- *Finansiering av sjukehusbygg*
- *Redusert marknadstenking*
- *Finansieringsmodellen, som viser noko motsetning*
- *Eigenkapitalkravet, endra til 10 prosent*
- *Kva er tidsperspektivet for iverksetjing av tilrådingar i rapporten?*
- *Kva med føretaksgrensene?*

Presentasjonen vert lagt i Admincontrol, og opptrykt rapport NOU 2023:8 vert utsendt til styret.

Sak 010/2023 Godkjenning av innkalling og dagsorden

Styreleiar Krakhellen leia møtet og orienterte om dagsorden:

- Torfinn Heggland hadde meldt forfall
- Sølvi Anne Birkeland var innkalla som varamedlem
- Ivar Eriksen deltok digitalt
- Nytt dokument «Leiardialog 1/2023» var utdelt
- Litt endring i dagens rekkefølge: Sak 023/2023 “Arbeid med tiltak” vert etter sak 013/2023 “Rapportering frå verksemda per februar 2023”
- Revisor Laila Solheimslid frå BDO deltok. Det var ein lukka del før vedtak i sak 016/2023 og 017/2023
- Eventuelt endring av møtedato i juni, var punkt til Eventuelt-saka

Vedtak (samrøystes):

Innkalling og dagsorden vart godkjent.

**Sak 011/2023 Godkjenning av protokoll frå styremøte i Helse Førde HF
26.01.2023****Vedtak (samrøystes):**

Styret godkjende protokoll frå styremøte i Helse Førde HF 26.01.2023.

Sak 012/2023 Administrerande direktør si orientering

Adm. direktør Varden innleia med bilde frå:

- Ny ambulansestasjon i Fjaler – samlokalisert med brann
- Partnerskapsmøte med kommunane 3. mars, også med omvisning i Livabygget
- Leiardialog 1/2023, med tema: *Fokus på “Koordinerte og heilskaplege pasientforløp”. Å leie endring – kva inneber det for oss?*

1. Rapportering tilsynssaker**2. Oversikt over aktuelle høyringar****3. Saker til oppfølging etter styremøte****4. Kunngjering av val av styremedlemmer valt av og blant dei tilsette til styret i Helse Førde HF****5. Forbetningsundersøkinga**

HR-direktør Skjelten orienterte om forbetningsundersøkinga.

Resultat for Helse Førde viser:

- Auka i deltaking frå 70 prosent i 2022 til 76 prosent i 2023
- Helse Førde har høgast deltaking i Helse Vest
- Scoren viser 80,7 i 2023 for Helse Førde, og vi har høgast score i Helse Vest
- Psykososialt arbeidsmiljø viser scor på 82

Overordna viser dette gode resultat. Det vert jobba vidare med oppfølging på avdelingsnivå, i samarbeid med vernetenesta.

6. Helsepersonellkommissjonens NOU 2023:4 Tid for handling

Samhandlingssjef Kyrkjebø orienterte om arbeid med høyringsprosessen i Helse Førde.

Helsepersonellkommissjonen tilrår ein heilskapleg innsats på fleire tiltaksområde som saman skal bidra til omstilling.

Helse- og omsorgsdepartementet inviterer til høyring med frist 2. mai 2023. Helse Vest har initiert felles høyringsprosess. Internt har samhandlingssjefen informert i klinikkråda i Helse Førde. Alle føretaka kan spele inn sine kjerneområde, med frist før påske til Helse Vest. Det blir styrebehandling i Helse Vest RHF 19. april.

7. Status rekrutteringsstrategi

HR-direktør Skjelten orienterte om status rekrutteringsstrategi i Helse Førde.

Overordna strategi var vedtatt i 2019, med eitt eige strategidokument og totalt 58 tiltakskort som er knytta til moglege innsatsområde. Av dette er 11 særleg retta mot legerekruttering.

Oversikt tiltakskort som er ferdigstilt og under arbeid siste år vart gjennomgått.

Styret kommenterte at det var gjort godt og grundig arbeid.

Styret etterspør Livsfasepolitikken, og få det presentert til styret i eit seinare møte.

Vedtak (samrøystes):

Styret tek orienteringa til vitende.

Sak 013/2023 Rapportering frå verksemda per februar 2023

Oppsummering:

Administrerende direktør Varden innleia rapporteringa

- Innan somatikk held ventetidene seg i februar stort sett uendra på same høge nivået som førre månad (80 mot 81 dagar).

- Det er færre fristbrot innan alle fagområde, noko som er positivt.
- Alt i alt er det framleis høge, men stabile ventetider, samtidig som vi er i ferd med å få kontroll på utfordringa med fristbrot.
- Innan psykisk helsevern for vaksne og TSB er det i hovudsak same stabile gode indikatorar knytt til tilgjengelegheit som før. I psykisk helsevern for barn og unge er ventetida noko høgare enn førre månad og høgare enn same tid i fjor.
- Aktiviteten i februar er lågare enn budsjett, særskild knytt til dag- og døgnbehandling
- Aktiviteten i somatikk, utanom H-resept, var i februar 9,8 prosent lågare enn budsjett.
- Aktiviteten innan psykisk helsevern har i perioden vore god.
- Sjukefråværet i januar var 7,5 prosent, og viser ein svak nedgang samanlikna med desember
- Resultat for februar er negativt med 9,6 millionar kroner. Hittil i år er det eit negativt resultat på 15,6 millionar kroner.
- Hovudutfordringa i 2023 er, som i føregåande månader i 2022, stort overforbruk knytt til løn- og personalkostnader.
- Lågare aktivitet enn planlagt gjer også eit negativt inntektsavvik i februar.
- Helse Førde vil bli styrka med om lag 52,9 millionar frå revidert nasjonalbudsjett

Aktiviteten - overordna pasientflyt per februar 2023 viser:

Nytilviste 5 394 (-8%)	Ventelistekø 7 062 (12%)	Totalkø 44 593 (5%)	Avslutta 5 425 (-6%)
---------------------------	-----------------------------	------------------------	-------------------------

Fagdirektør Kjølraug orienterte om:

Styringsdokument 2023 legg føringar for:

1. Styrking av psykisk helsevern og tverrfagleg spesialisert rusbehandling
2. Styrking av forskning, innovasjon og kompetanse samt forbetring av kvalitet og pasienttryggleik
3. Rask tilgang til helsetenester og samanhengande pasientforløp

Fag og kvalitet:

- Gjennomsnittleg ventetid – ventande ved periodeslutt
- Gjennomsnittleg ventetid - helsehjelp starta i perioden
- Fristbrot oppstått i perioden viser 219 nye i februar, tilsvarande 7,6 prosent

Økonomidirektør Hellesteth orienterte om: Aktivitet, bemanning og økonomi

- Aktivitet i somatikk viser 191 DRG-poeng bak budsjett
- Aktiviteten innan Psykisk helsevern for vaksne har vore god i perioden, med aktivitet litt lågare enn plan. I høve fjoråret har vi auke i aktivitet
- Aktiviteten innan Psykisk helsevern for barn og unge har totalt vore god både for poliklinikkar og ungdomsposten for psykisk helsevern

Samla sjukefråvær i februar var 7,4 prosent. Sjukefråvær viser god trend, og er no på nivå som 2019.

Resultat per februar er minus 9,6 millionar kroner. Hittil i år er det eit avvik på 15,6 millionar kroner.

Aktivitet i somatikk i februar er vesentleg lågare enn budsjett.

Løn- og personalkostnader er i februar 10,0 millionar høgare enn budsjett, og viser etter to månader eit meirforbruk på 21 millionar kroner

Likviditetsutviklinga vart gjennomgått.

Styret kommenterte at det var ei grundig orientering, som viser at vi er i ein alvorleg situasjon.

Observatør Aarvik orienterte om at Brukarutvalet har laga ein uttale som blir sendt til media vedr. "For mange pasientar som ikkje møter til oppsett time".

Vedtak (samrøystes):

Styret tek administrerande direktør si rapportering frå verksemda per februar 2023 til vitende.

Sak 023/2023 vart handsama etter sak 013/2023

Sak 014/2023 Årleg melding 2022 om likestilling, inkludering og mangfald

Oppsummering:

Helse Førde har utarbeidd ei eiga melding om likestilling og diskriminering. Denne omhandlar faktisk tilstand i verksemda når det gjeld kjønnslikestilling og korleis ein arbeider for å oppfylle aktivitetsplikta etter Likestillings- og diskrimineringsloven § 26. Meldinga vert handsama som ei eiga styresak i føretaket, og vert publisert på helseføretaket si nettside.

Adm. direktør Varden sa at tabellen side 3 blir korrigert etter innspel i møtet.

Vedtak (samrøystes):

Styret vedtek årleg melding 2022 om likestilling, inkludering og mangfald.

*Revisor deltok i styremøtet under handsaming av sakene:
015/2023, 016/2023 og 017/2023.*

Sak 015/2023 Årleg melding 2022 om leiarløn og anna godtgjersle i Helse Førde

Oppsummering:

Etter allmennaksjeloven § 6-16 b, som også er gjort gjeldande for føretak med statleg eigardel, skal styret i føretaket kvart rekneskapsår utarbeide ein rapport som gir ei samla oversikt over utbetalt og inneståande løn og godtgjersle til leiande personar som vert omfatta av retningslinjer definert i 6-16 a. Rapporten oppfyller dei krav som går fram av «Forskrift om retningslinjer og rapport om godtgjørelse for ledende personar».

Rapport om løn og anna godtgjersle i Helse Førde HF var gjennomgått av revisor.

Vedtak (samrøystes):

Styret vedtek rapport om løn og anna godtgjersle for Helse Førde HF 2022.

Sak 016/2023 Årsmelding 2022 – Helse Førde HF

Oppsummering:

Helseføretaka er pliktige til å følgje rekneskapslova etter lov om spesialisthelseteneste. I følgje paragraf 3-1 i rekneskapslova skal rekneskapspliktige utarbeide årsrekneskap og årsmelding for kvart år. I samsvar med same lov skal årsmeldinga og årsrekneskapen underskrivast av alle styremedlemmer og dagleg leiar.

Styret si årsmelding for Helse Førde HF er ferdig revidert. Etter tilråding i styret skal årsmelding for 2022 sendast vidare til styret i Helse Vest RHF og føretaksmøte for endeleg vedtak.

Økonomidirektør Hellesteth orienterte samla om årsmelding og årsrekneskap 2022:

Årsresultat 2022 er 3,6 millionar kroner, som er 26,4 millionar kroner lågare enn budsjett.

Helse Førde har i 2022 fått ekstraløyving på 47,5 millionar kroner i nysaldering desember og 40,5 millionar kroner knytt til pandemien. Tilsvarende fekk Helse Førde i 2021 70 millionar kroner knytt til pandemien.

Resultat ut over budsjett skal som utgangspunkt brukast til investeringar, samt reserve dersom vi i framtida får dårlegare resultat enn budsjett. I 2022 er resultat motsett, og ein har redusert investeringsbudsjettet både i 2022 og 2023 med henholdsvis 15 millionar kroner og 18,3 millionar kroner samanlikna med økonomisk langtidsplan.

Styringsfarten ut av 2022 er for høg samanlikna med venta økonomiske rammevilkår.

Styret kommenterte årleg melding:

- Side 1: Formulering i innleiande kapittel om “Helse Førde sitt opptaksområde” og rett kommune som tilhøyrrer Møre og Romsdal
- Side 2: Rette i andre avsnitt til “Styret vil presisere at.....”
- Side 4: Formulering i avsnitt om Arbeidsmiljø og medarbeidarar
- Side 5: Openheitslova og Miljørapportering
- Side 7: Formulering om av vi ikkje kan gå konkurs.....
- Side 7: Rekneskapan: nytte same skrivemåte “millionar kr” og “milliardar kr” i heile dette kapitlet
- Rekneskapslova, openheitslova, samfunnsansvar, miljørapportering

Tekstlege korrigeringar i dokument vert gjort av adm. direktør i etterkant av møtet.

Vedtak (samrøystes):

Styret godkjenner Helse Førde HF si årsmelding for 2022.

Sak 017/2023 Årsrekneskap 2022 – Helse Førde HF

Oppsummering:

Helseføretaka er pliktige til å følgje rekneskapslova etter lov om spesialisthelseteneste. I følgje paragraf 3-1 i rekneskapslova skal rekneskapspliktige utarbeide årsrekneskap og årsmelding for kvart år. I samsvar med same lov skal årsmeldinga og årsrekneskapan underskrivast av alle styremedlemmer og dagleg leiar. Etter tilråding i styret skal årsrekneskap for 2022 sendast vidare til styret i Helse Vest RHF og føretaksmøte for endeleg vedtak.

Årsresultat 2022 er 3,6 millionar kroner. Det er 26,4 millionar kroner bak budsjett.

*Revisor Laila Solheimslid orienterte om Revisors rapportering 2022 – styret
Skriftleg kommunikasjon med styret etter revisorlova § 9-5, nr. 2*

1. Kommunikasjon, revisjonsstrategi og risikovurdering
2. Observasjonar og anbefalingar
3. Andre forhold som er diskutert med leiinga
4. Konklusjon

Styret kommenterte side 9 i revisors beretning om punktet "Generelt tilfredsstillende rutinar for finansiell rapportering" som viser gule trafikklys.

LUKKA DEL:

Aksjelova § 7-5a

Styret og revisor hadde eit lukka møte før vedtak i sak 016/2023 og 017/2023

OPEN DEL:

Vedtak (samrøystes):

Styret godkjenner Helse Førde HF sitt årsrekneskap med notar for 2022.

Sak 018/2023 Styringsdokument 2023 for Helse Førde HF

Oppsummering:

Styringsdokumentet klargjer premissane og rammene som gjeld for verksemda, og inneheld mål, oppdrag og resultatkrav til helseføretaka.

Helseføretaka sak innrette verksemda si med sikte på å nå overordna hovudmål:

1. Styrke psykisk helsevern og tverrfagleg spesialisert rusbehandling
2. Styrke forskning, innovasjon og kompetanse og forbetre kvalitet og pasienttryggleik
3. Rask tilgang til helsetenester og samanhengande pasientforløp

Styringsdokument 2023 for Helse Førde HF vart vedteke i føretaksmøte i Helse Førde FH 16. februar 2023. Styringsdokumentet vart deretter framlagt som sak til styret i Helse Førde HF 28. mars 2023.

Vedtak (samrøystes):

Styret tek "Styringsdokument 2023 for Helse Førde HF" til vitende.

Sak 019/2023 Leiinga sin gjennomgang 3. tertial 2022

Oppsummering:

Leiinga sin gjennomgang for Helse Førde skal saman med gjennomgangane frå klinikkane oversyn over korleis status på sentrale område for styring av verksemda i

forhold til overordna mål og prioriterte oppgåver innan kvalitet, organisasjon/ medarbeidarar og økonomi. Overordna ser ein at Helse Førde har store utfordringar knytt til ventetider og fristbrot, tilgang på nok personell og økonomi. Det vert arbeidd kontinuerleg med tiltak for å betre utviklinga på desse områda.

Vedtak (samrøystes):

Styret tek leinga sin gjennomgang (LGG) 3. tertial 2022 til vitende.

Sak 020/2023 Risikostyring - rapportering

Oppsummering:

Risikostyringa i 2022 omfattar dei fem risikoområda som Helse Vest har peika ut; legemiddelområdet, IKT og informasjonssikkerheit, vald og trugslar mot tilsette, ekstern turnover og uønskt variasjon (radiologi og ortopedi). I tillegg er rekruttering og økonomistyring valt ut av administrerande direktør som særskilde risikoområde i Helse Førde.

Arbeidet med dei fem risikoområda til Helse Vest vert koordinert regionalt, men Helse Førde har også lokale arbeidsgrupper som har arbeidd med problemstillingane. Vurderingane for topp-5-risiko i denne saka er gjort av dei lokale gruppene basert på vurdert risiko i Helse Førde.

Vedtak (samrøystes):

Styret tek rapportering om risikostyring tredje tertial til orientering og ber administrerande direktør særskilt følge opp områda med høg risiko.

Saker til orientering:

Sak 021/2023 Nye Førde sjukehus - løypemelding

Oppsummering:

Prosjektet går godt, framdrifta og dialogen med Veidekke er god. Veidekke arbeider mot eit mål om å ferdigstille prosjektet for overlevering 20 juni 2024. Administrerande direktør vil presisere at dette må skje gjennom dialog med Helse Førde. I dette ligg det at m.a. økonomiske og juridiske forhold knytt til ei tidlegare overlevering må vere avklart.

Helse Vest har utfordra helseføretaka på å vurdere konsekvensar av å utsetje investeringar. Nye Førde sjukehus arbeider no etter ein revidert plan for gjennomføring,

der Svana 2 og Svana 3 blir utsett, og det blir rapportert i høve til dette reviderte omfanget. I det reduserte gjennomføringsomfanget så viser sluttprognosen for heilskapen 1,875 milliardar.

Prosjektdirektør Solhaug orienterte om Nye Førde sjukehus.

Vedtak (samrøystes):

Styret tek løypemeldinga til vitende.

Sak 022/2023 Miljøstyring i Helse Førde

Oppsummering:

Leiinga sin gjennomgang (LGG) av miljøstyringssystemet skal gjennomførast for å sikre at styringssystemet er fungerande, at det er i samsvar med lover og føresegner og at det er i kontinuerleg forbetring.

Referat frå leiinga sin gjennomgang av miljøstyringa viser miljøprestasjonane til Helse Førde, endringar som er gjort i miljøstyringa, risikovurdering og vedtak. Helse Førde er på rett veg mot å nå nasjonale målsetjingar. Framover vil det vere avgjerande med god leiarforankring, prioritering og ressurstilgang for å nå dei ambisiøse miljømåla som er sette for spesialisthelsetenesta.

Utviklingsdirektør Kleiven orienterte om miljøstyringssystemet i Helse Førde.

Styret kommenterte at saka var strukturert og godt forståeleg.

Vedtak (samrøystes):

Styret tek saka til vitende og ber administrerande direktør sikre vidare forbetring av miljø- og klimaprestasjonane i Helse Førde.

Sak 023/2023 Arbeid med tiltak 2023

Orientering i møte om Arbeid med tiltak 2023:

1. Utfordringsbilde
2. Prosess
 - Prioritering
 - Tiltak

Adm. direktør Varden orienterte om utfordringsbilde:

- To pressemeldingar om “Varig styrking av sjukehusa med 2,5 millionar kroner” og
- “Varslar prisjustering av statsbudsjettet for 2023”
- Oppslag i Dagens medisin “Regjeringen oppjusterer sykehuslån i revidert nasjonalbudsjett”
- Oppdatert utfordringsbilete per mars 2023
- Fordeling av auka ramme - om lag 50 millionar. Aukar resultatkravet frå 0 til 20 millionar. Aukar ramma for vedlikehald av bygg med 6 millionar. Resten vert fordelt mellom 11 millionar til Kirurgisk klinikk, 7 millionar til Medisinsk klinikk og 6 millionar til Psykisk helsevern. Dette medfører ei prioritering av pasientbehandling og spesielt Psykisk helsevern.

Fagdirektør Kjørlaug orienterte om:

Prioritering:

- Krevjande økonomisk situasjon krev auka fokus på prioritering – fokus i fagdirektørgruppa sidan januar
- Prioritering på gruppenivå - Avgjerdsgrunnlag for prioritering
- Prioritering på klinisk nivå - “Prioriterings år”, notat frå fagavdelinga i Helse Bergen
- Helse Førde skal oppretthalde fokus på prioritering framover

Tiltak:

Bruk av styringsdata for å finne årsak til reduksjon i øyeblikkeleg hjelp (ØH) frå 2021 til 2022. Aktivitetstala frå desember 2022 viste 10 prosent reduksjon i ØH. Kva er dette? Vi har ØH inn i Akuttmottak og til sengepost og ØH inn på poliklinikk. Alle ØH viser at endringa er i poliklinikk.

Økonomidirektør Helleseth orienterte om Analysen vi har gjort har avdekka:

Moglege tiltak – prosess:

Samla innmeldt 70 tiltak frå føretaksleiinga om potensial for innsparing. 38 av desse vurderte som driftsmessige tiltak der det ikkje var behov for analysearbeid. 32 av tiltaka vart bearbeidd med tanke på vidare analyse – gruppert etter tematikk. Resultat er at 20 tiltak er analysert av controllergruppa. Det vert vidare handsaming i føretaksleiinga, involvering av leiarar, organisasjonen og tillitsvalde.

Oversikt moglege tiltak som er analyserte:

1. Kombinasjonsstillinger
2. Bruk av overtid og UTA
3. Bruk av særavtaler/tillegg
4. Sjukefråvær
5. Drift sengepostar
6. Vurderer aktivitet Florø
7. Vurdere aktivitet Tronvik
8. Samlokalisering lager medisinsk heimebehandling og sentrallager Førde
9. Ortopedi – gjestepasientar Lærdal
10. Ambulering personell
11. Vurdere dialysevakt helg
12. Redusere innleige
13. Reisekostnader
14. Samanslåing stabsfunksjonar
15. Overforbruk laboratoriediagnostikk
16. Sentralisere hudtilbod
17. FoU
18. Optimalisere legemiddeløkonomi

Bilpark og drift poliklinikk er ikkje ferdigstilt.

Adm. direktør Varden orienterte om Vegen vidare:

Adm. direktør sin konklusjon etter prosess i føretaksleiinga, leiarlinja og tillitsvalde er:
Fem område er plukka ut:

1. Kombinasjonsstillinger
2. Bruk av overtid og UTA
3. Bruk av særavtaler/tillegg
4. Sjukefråvær
5. Drift sengepostar (samarbeid, ferieavvikling, helg)

Drift: Sjukefråværet vert handtert gjennom drift med støtte frå HR.

Kort sikt:

1. Justere på fullmaktsmatrisa – innstramming av fullmaktsmatrise
2. Kommunikasjon om forventning og oppfølging overtid
3. Direktørane for klinikkane – drift sengepost med fokus på helg og ferie.
Klinikkdirektørane for Kirurgisk klinikk, Medisinsk klinikk og Psykisk helsevern har gitt tilbakemelding på utfordringa med å tilpasse drifta i sommar. Føresetnad er at Pasienthotellet vert i drift heile sommaren i motsetning til tidlegare.

Direktørane Guldhav, Vingsnes og Tvedt orienterte om mogeleg nedtak av sengetal i sommaren 2023.

Lengre sikt:

HR utarbeide prinsipp for bruk av UTA, særavtaler, innleige og tillegg. HR vil etablere gruppe for å utarbeide prinsipp for kombinasjonsstillinger. Oppstart etter sommaren og er relevant inn mot Livbygget.

Oppsummering – konklusjon:

Forventa reduksjon i overtid og innleige, samt fokus på lønn generelt vil kunne gi ein økonomisk gevinst på om lag 25 millionar i 2023. Tilpassing drifta på sengepostar i sommar vil kunne auke innsparinga ytterlegare. Tilsvarande Helse Begen har vi også sett i gang ein prosess knytt til prioritering på klinikarnivå og gruppenivå. Samanlikna med 2019 er potensiale om lg 75 millionar kroner når ein seg på bruk av overtid, anna variabel løn og innleige. Tilsvarande bilete ser ein i andre føretak i Norge.

Styret kommenterte at det er godt jobba med tiltaka. Interessant og nødvendige tiltak. Det er viktig og å tenke på dei tilsette, med god informasjonsflyt ut i avdelingane.

Styreleiar Krakhellen oppsummerte om at det ligg til rette for god dialog med å finne gode løysingar i den vidare prosessen.

Vedtak (samrøystes):

Styret tek orientering om arbeid med tiltak 2023 til vitende.

Sak 024/2023 Eventuelt

Neste styremøte vert 12. mai vert i Florø, med styreseminar kvelden 11. mai.

Styremøte i juni: Møtedato 20. juni kan bli endra, grunna at adm. direktør deltek i nasjonal direktørsamling 19. og 20. juni.

Ny møtedato vert: onsdag 21. juni

Vedtak (samrøystes):

Styret tek «Skriv og meldingar» til vitende.

Skriv og meldingar

Følgjande skriv og meldingar var utsendt:

- Årleg melding 2022 frå Felles brukarutval
- Årsmelding samhandling 2022

Følgjande skriv og melding var utdelt i møtet:

- Leiardialog 1/2023

Ref. Berit Irene Haarklau
28.03.2023

Ole Gunnar Krakhellen	Styreleiar
Anne Sissel Faugstad	Nestleiar
Aud Ingrid Espeland	Medlem
Reidar Sandal	Medlem
Thomas Vingen Vedeld	Medlem
Marit Hermansen	Medlem
Ivar Eriksen	Medlem
Lena Thorsnes	Medlem
Randi Aven	Medlem
Kari Sunde Kvile	Medlem
Sølvi Anne Birkeland	Varamedlem tilsette